

## VKA— VESTNORSK KULTURAKADEMI



Er eit regionalt kunnskapssenter for kultur og nyskaping, som held til i lokala etter den nedlagde militærleiren på Tvildemoen, Voss. Akademiet vart etablert i 1996 og vart ei stifting i 2001. Stiftarane er Voss kommune, Hordaland fylkeskommune, Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland husflidslag, Høgskulen i Bergen og Universitetet i Bergen.

VKA har som hovudmål å ta vare på, formidle og vidareutvikle handlingsbåren kunnskap som ligg i den vestnorske kulturarven. Det skal leggast spesiell vekt på å skapa grunnlag for kulturforståing og –utvikling gjennom formidling av handverks– og byggetradisjonar, kunnskap om råvarer og kvalitet, laging av mat og klede, samt formidling av samfunnskunnskap og regionshistorie sett i høve til Europa elles.

Skal handlingsboren kunnskap stå for meir enn ein talemåte må den demonstrerast og praktiserast. På VKA er det etablert verkstader som er godt eigna til dette – ein snikkarverkstad, eit matkjøkken, ei vevstove og eit bakstehus. Delar av undervisninga går føre seg i verkstade- ne, gjerne saman med tradisjonsberarar.

VKA jobbar på ulike felt der det primære er undervisning og næringsutvikling. I samarbeid med universitet og høgskule er det utvikla fleire delfag innan område for tekstilkultur, byggeskikk, matkultur og entrepenørskap. I løpet av dei åra akademiet har drive er det uteksaminert rundt 590 studentar. I tillegg er det gjennomført ei omfattande kursverksemd med kurs av kortare lengde, samt ei rekkje større prosjekt. Det har også vakse fram eit godt samarbeid med institusjonar på lokalt og regionalt nivå, og her er arrangert "opne dagar" på Tvildemoen.

**Velkomen til nytt studieår i 2012!**

[www.kulturakademi.no](http://www.kulturakademi.no)

## VELKOMEN TIL VESTNORSK KULTURAKADEMI!

Deltidsstudia våre gjev 15 studiepoeng per semester og er lagt til rette for å kunna kombinerast med jobb eller andre studiar. Om det ikkje er opplyst anna i programmet, skjer undervisninga på samlingar i Vestnorsk Kulturakademi sine lokale på Voss. Undervisninga vert gjeven som førelesingar, på ekskursjonar, samt gjennom praksis i verkstade- ne til akademiet Det er råd å hospitere ved studia, dvs utan å levera skriftlege arbeid, og/eller utan å gå opp til eksamen. Med tilstrekkeleg frammøte får ein då kursbevis (men ikkje studiepoeng).

Pris: Studieavgift kr. 10 000 / 12 500 per semester.  
Semesteravgift og utgifter til bøker og litteratur kjem i tillegg. Det same gjeld kostnader i samband med reise, eventuelt opphald og mat under samlingane. Me oppmodar den enkelte til å søkja tilskot frå arbeidsgjevar, fagorganisasjonar, støtteordningar for landbruket m.m. Det er i tillegg råd å søkja lån og stipend i Statens lånekasse for utdanning.

Opptakskrav: Generell studiekompetanse eller realkompetanse.

### Søknadsfrist til vårsemester: 15. desember.


Er det ledige plassar, tek me imot søknader fram til studiestart. Søknaden er bindande ein måned før studiestart. Studiet vert ikkje sett i gang med mindre enn 15 påmelde.

**Søknadsskjema og meir informasjon om faga:**

[www.kulturakademi.no](http://www.kulturakademi.no)

Vestnorsk Kulturakademi, Magasinvg. 26, 5700 Voss  
Telefon: 56 51 32 50 / 951 72 590  
E-post: [post@kulturakademi.no](mailto:post@kulturakademi.no)

**Vestnorsk kulturakademi – Voss**  
Kulturbasert næringsutvikling • Etter- og vidareutdanning



## Studietilbod Vår 2012

VKA har som hovudmål å ta vare på, formidle og vidareutvikle handlingsbåren kunnskap som ligg i den vestnorske kulturarven.

## TEKSTILKULTUR

### I samarbeid med HiB

Studiet er eit etterutdanningstilbod på høgskulenivå og gjev ei oversikt over det omfattande tekstilfaget ved å ta for seg grunnleggjande og sentrale felt, samt meir spesifikke område, og set tekstilfaget inn i den store kulturelle samanhengen.

Studiet omhandlar alle typar tekstile material og teknikkar og samanhengen mellom materialval, teknikkar, etterbehandling og bruksfelt. I tillegg vert det gitt førelesningar om fagets historiske og kulturhistoriske utvikling.

Faget kan vera supplerande for studentar ved andre kulturfaglege studieretningar ved universitet og høgskular. Studiet er også nyttig for handverkarar, handel og industri, og dessutan interessant for den som ynskjer fagleg påfyll til ein lidenskapleg hobby.

#### Tema for samlingane i vårsemester 2012:


**Samling 1:** Introduksjon, oversikt over fagfeltet, kulturvitskaplege metodar.

**Samling 2:** Grunnleggjande kunnskap i tekstil materiallære. Råstoff, fiber, eigenskaper, toving av ull.

**Samling 3:** Grunnleggjande kunnskap om tekstile teknikkar og konstruksjon, del 1. Spinning, tvinning, trådkonstruksjon, repslaging, flette- og knytteteknikkar.

**Samling 4:** Grunnleggjande kunnskap om tekstile teknikkar og konstruksjon, del 2. Veving strikking, saum, broderi mm.

**Samling 5:** Etterbehandling av tekstil; Farging, trykking, etterbehandlingsmetodar.



**Eksamen:** 6 timar skriftleg eksamen.

Sjå heimesidene våre for fleire opplysningar.

## MERU - MAT, ENTRE- PENØRSKAP OG REGIONAL UTVIKLING

### Eit samarbeid med HiB

Vestnorsk kulturakademi (VKA) trur på verdien av å arbeida målretta med heile næringskjeda, frå primærprodusent til forbrukar, også når det gjeld mat, matkultur og foredling av mat. Å kjenna til reglar og krav frå styresmakter, leverandørar og ikkje minst forbrukarar, meiner me er avgjerande for å kunna kvalitetssikra gode produkt i alle ledd av næringskjeda. Kompetanseheving kan sjåast som føresetnad og drivkraft for utvikling og nyskaping. Likeins er god marknadsføring og opplegg for sal av produkta vesentleg.

Dette studiet høver for matgründerar, primærprodusentar, tilsette i næringsmiddelindustrien, lærarar med mat som fag, butikkpersonale, forbrukarar samt personale knytte til serveringsstader og andre reiselivsinteresserte.

Fagpersonar som Astri Riddervold, Gunnar Nagell Dahl og Hanne på Høyden m.fl. vil førelese og formidle praktisk kunnskap. Undervisninga kombinerer praksis i foredling og utprøving av produkt med ei teoretisk tilnærming til lærestoffet.



Det vert gjennomført 3 samlingar våren 2012.

#### Sentrale emne på samlingane:

- Etablerarkunnskap; utarbeida forretningsplan.
- Forbrukarkunnskap; kultur, tradisjon, økologisk mat og ernæring, lokal mat og identitet, mat som ein del av det heilskaplege reiselivsproduktet m.m.
- Produktutvikling; frå råvare til produkt, møte med andre matgründerar og tradisjonsberarar.
- Marknadsføring og sal; analyse, merkevarebygging m.m.
- Økonomistyring.
- Nettverksbygging.

**Eksamen:** Praktisk-munnleg eksamen.

## BYGGESKIKK & BYGNINGSVERN

### I samarbeid med UiB



Faget skal gje ei innføring i ulike vestnorske byggeskikkar og antikvariske prinsipp innan bygningsvern. Vidare vert det praktisk formidling gjennom ekskursjonar til aktuelle fagmiljø i regionen.

Faget er lagt opp som vidareutdanning for dei som driv innan restaurering, vedlikehald og vern av gamle bygningar. Det er òg retta mot eigarar av gamle bygningar og for tilsette i offentleg kulturadministrasjon, skule og museumssektor. I tillegg er faget ope for studentar frå universitets- og høgskulemiljø.

Våren 2012 tek me sikte på å gjennomføre del 2 av studiet byggeskikk og bygningsvern. Det er også høve for nye studentar å ta dette semesteret før del 1.

Nils Georg Brekke, Arne Lie Christensen, Johannes Gjerdåker og Hans-Jakob Ågotnes m.fl. er blant dei aktuelle førelesarane i tillegg til fagansvarleg Knut Grove

#### Tema for samlingane i vårsemesteret:

**Samling 1:** Natur- og kulturlandskapet: samspelet mellom landskap og byggeskikk.

**Samling 2:** Byggeskikken i historisk perspektiv.

**Samling 3:** Kulturminnevernet.

**Samling 4:** Vern i praksis.

**Samling 5:** Nyare byggeskikk i vest.

**Eksamen:** 6 timar skriftleg eksamen.